



Notat

Dato: 24.05.2019
Arkivsak: 2019/10623-3
Saksbehandlar: mattorg

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmann

Finansiell samordning av bompengepakkar ved byvekstavtale - svar på skriftleg spørsmål

Skriftleg spørsmål i møte frå Roald Stenseide (Frp)

«Hvordan er det tenkt i fremtiden vedrørende bompengepakker om det inngås en byvekstavtale. Kan disse bli samordnet finansielt eller vil disse fortsette som før?»

Svar:

Alle prosjekt på offentleg veg som er føresett finansiert med bompengar med heimel i vegloven § 27, må godkjennast av Stortinget. Stortingsproposisjonen for prosjektet skal innehalde ein finansieringsplan som viser fordelinga mellom ulike finansieringskjelder (stat, fylkeskommune, eventuelt kommunale og andre tilskot samt bompengar) og når dei ulike bidraga kan antakast å kome. Vidare skal proposisjonen innehalde m.a. prosjektporlefølje, styringssystem, takstsysteem og takstnivå. Endringar som bryt med føresetnadene i bompengeproposisjonen krev ny handsaming med likelydande vedtak i aktuelle kommunestyre og fylkesting, før endringane vert godkjent av Stortinget.

Eit viktig prinsipp er at det ikkje skal førekommme kryssubsidiering mellom prosjekt. Dvs at inntekter i eit prosjekt ikkje skal brukast til å (del)finansiere eit anna prosjekt.

Med finansiell samordning forstår fylkesrådmannen enten samordning av takst- og rabattsystemet, eller at pakkane blir slått saman til ein felles pakke. Fylkesrådmannen vurderer at andre formar for samordning mellom bompengepakkar ikkje kan finne stad grunna prinsippet om at det ikkje skal førekommme kryssubsidiering mellom prosjekt.

Endringar i takst- og rabattsystemet kan t.d. bli utforma slik at ein bilist som kører gjennom fleire pakkar ikkje betalar full pris for alle pakkane. Konsekvensane for inntekter og kostnader må i så fall avklaraast.

Fylkesrådmannen forstår det slik at det må vere lokal og regional semje om bompengepakkar ved finansiell samordning med likelydande vedtak i alle dei berørte kommunestyra og i fylkestinget før saka leggjast fram for Stortinget.

Nasjonal transportplan fastset råmene for byvekstavtalar. Nye forhandlingar om byvekstavtale er venta å starte opp i 2021 basert på Stortinget sitt vedtak av Nasjonal transportplan 2022-33. Det kan skje endringar i retningslinene for byvekstavtalar og for finansiering av vegpakkar, slik at vi per i dag ikkje kan seie kva for føringar som vil gjelde for dei komande forhandlingane.

Etter fylkesrådmannen si vurdering vil det vere aktuelt å vurdere ei samordning av bypakke Bergen og andre bompengefinansierte prosjekt og pakkar i Bergensområdet i neste runde med byvekstforhandlingar. Dette kan både gjelde samordning av takst- og rabattsystem og eventuell samanslåing av bompengepakkar. Det vil vere opp til partane i byvekstavtalen å ta stilling til om ei slik samordning skal vere gjenstand for forhandling.